

ÅRSMELDING

For Herdla kyrkjelyd

2015

1



Biskop Halvor Nordhaug har utforma ein visjon for Bjørgvin bispedøme
Den lyder slik:

**”Saman vil vi ære Den treeinige Gud –
ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.”**

Årsmelding for Herdla kyrkjelyd 2015

Herdla sokneråd har hatt følgjande samansetning i 2015:

1.januar til 31.oktober 2015:

Leiar	Karen Skråmestø
Nestleiar	Kjellaug Fauskanger Eidsaa
Skrivar	Helge Heggernes/Kjellaug Fauskanger Eidsaa
Medlem/fellesråd	Kjell Lyder Berland
Medlem	Martin Berland Øystese
Medlem/fellesråd vara	Jonas Bratli
Sokneprest/Medlem	Astrid Marie Haugland

Varamedlemar:

1 vara	Therese Balestrand Ellingsund
2 vara	Arvid Kåre Merkesvik
3 vara	Nina Osberg Fauskanger
4 vara	Bente Sture Breivik
5 vara	Reidun Sætre Antonsen

Kasserar Ivar Eidsaa (ikkje medlem)

1.november til 31.desember 2015:

Leiar:	Kjellaug Fauskanger Eidsaa
Nestleiar/medlem i fellesråd:	Kjell Lyder Berland
Skrivar:	Reidun Håpoldøy
Kasserar:	Ivar Eidsaa
Medlem:	Nina Osberg Fauskanger
Medlem:	Solfrid Kongshaug Aase

Varamedlemar:

1.vara:	Anny Vassliås Bekkenes
2.vara:	Einy Daviknes
3.vara:	Gunnvor Eggebø Ness
4.vara:	Bente Sture Breivik
5.vara:	Geir Kvinge

Dette året har soknerådet hatt 11 møter og behandla 80 saker i tillegg til diverse meldingar. Sakene går som tidlegare år ofte ut på å planleggje gudstenestene, plassere særskilte gudstenester som 4- og 6-årgudstenester, 50 års konfirmantjubileum, eldremiddag etter ei gudsteneste, tårnagethelg, lys vaken-gudsteneste, lysmesse og anna. Vi får mange offersøknadar og vi må finna ut kven som skal tildelast takkeoffer.

I samarbeid med organisten har vi fått med ein del song og musikkrefter på einskilde gudstenester.

Vidare planlegg vi fasteaksjonen, og pinsegudstenesta med grilling /middag etterpå.

Gudstenestedeltakinga :

Som tidlegare år går soknerådet gjennom gudstenestene vi har hatt sidan siste møte, og planlegg vidare gudstenester saman med soknepresten. Det er positivt med innslag av song og musikk i gudstenestene.

Etter dei fleste gudstenestene har vi hatt kyrkjekaffi bak i kyrkja. Sjølv om det manglar mykje både av utstyr og plass bak i kyrkja, verkar det som om kyrkjefolket tykkjer det er kjekt å stoppa litt, prate med kvarandre, og drikka ein kopp kaffi/te med litt å bita i. Vi har laga plan for kven som har ansvar for kyrkjekaffien kvar søndag.

Oppmøtet til gudstenestene kan variere ein del. Når det er dåp eller tårnagenthelg/lys vaken er det mange i kyrkja. Ved vanleg gudsteneste er det ofte få personar til stades.

For dei som ikkje kan kome til kyrkja med eiga hjelp, er det oppretta kyrkjeskys. Kjell L. Berland og Ivar Eidsaa har sagt seg villig til å vere sentral for formidling av skys til kyrkja. (Det bør koma tydeleg fram i informasjonen i AMEN og info-heftet til kyrkjene i Askøy kven som har kyrkjeskys i dei ulike sokna.)

Sjå nøkkeltal frå statistikken 2015 på eige ark.

Arrangement i Herdla kyrkjelyd:

Det har vore gudstenester i kyrkjelyden. Mellom anna:

- Fastegudsteneste m/nattverd ein onsdagskveld i fastetida.
- Gudsteneste skjærtorsdag m/nattverd og kveldsmat i kyrkjelydshuset dersom gudsteneste.
- Tårnagent-helg for 8 åringar. (12 deltakarar)
- Felles gudsteneste med dei andre kyrkjelydane på Askøy 1. pinsedag, med grilling og fellesskap ved kyrkjelydshuset etterpå.
- Utegudsteneste på Herdla fort Skaparverkets dag, 31.mai, der det vart sett fokus på skaparverket, miljø og rettferd. Dette var også konfirmantane sin søndag.
- Konfirmasjonsgudstenester.
- 6-års gudsteneste med utdeling av bok.
- eit lys for kvar einskild.
- Gudsteneste med innskriving av dei nye konfirmantane.
- 50 års konfirmantmarkering med gudsteneste og fest i kyrkjelydshuset etterpå.
- Gudsteneste allehelgensdag. Her vart alle nære pårørande etter dei som har gått bort, spesielt inviterte. Dei som har gått bort vart minna, og det vart tent
- 4-års gudsteneste med utdeling av bok.
- Lys vaken gudsteneste. (20 deltakarar)
- Lysmesse med presentasjon av nye konfirmantar.
Også i år hadde vi lysmesse etter gammal tradisjon ved presentasjon av konfirmantane.

Dette var ei svært stemningsfull gudsteneste der alle konfirmantane var deltakarar med lysbæring, tekstlesing, tenning av den sjuarma lysestaken og tenning av adventskransen. Stor takk til organist Terje Haugom og prest Arve Hansen Haugland som stod for program og innøving. Vi får mange positive tilbakemeldingar på dette arrangementet.

- Familiegudsteneste julaftan.
- Høgtidsgudsteneste 1. juledag.
- Gudsteneste på Fromreide eldresenter ein gong i månaden med kaffi og noko attåt.
- Eigen KN-gudsteneste.

Andre arrangement:

- "Pusterom" med diakonen. (2 stk.)
- Fasteaksjon der konfirmantane er bøssebærarar for Kirkens Nødhjelp. Tysdag før palmesøndag gjekk dei frå dør til dør og samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Her gjorde dei ein stor innsats og samla inn **kr 34.166.00**
- Sommarbasar i kyrkjelydshuset.
- Open kyrkje kvar søndag ettermiddag i sommarhalvåret.
- Markering av årsdagar. Dette året var det 10 personar som fekk blomsterhelsing på 90-årsdagen. Ein eller to frå soknerådet reiser heim til han/ho som fyller år.
- Konfirmantane deltok i mange av gudstenestene. Med tekstlesing, inngangsprosesjon og lystening under dåpen.
- Konsert i samband med festspela i Bergen.
- 2 salmekvelder i Herdla kyrkje der vi blir kjent med salmar i den nye salmeboka.

Kyrkjelydshuset:

I 2015 var huset utleigt ein del, og brukt til ulike samlingar:

- Dåpsfestar
- 50-årsjubilantfest.
- Medarbeidarfest.
- Grillfest etter gudstenesta 1.pinsedag.
- Formiddagstreff.
- Konfirmasjonsfest.
- Minnesamvær etter gravferd.
- Sommarbasar.
- Konfirmantsamlingar.
- Soknerådsmøter.
- Nordhordland jordskifterett.
- Øving Herdla barnekor.

Herdla barnekor:

I februar 2015 starta Herdla barnekor. Det er eit kor for born i alderen 4 - 12 år. Vi endra alderen til 10 år, fordi det var for langt sprang mellom 4 og 12 år. Koret hadde øving annankvar tirsdag i kyrkjelydshuset. Til saman 28 born melde seg inn i koret det første halve året. På øvingane er det song, andakt, leik, formingsaktivitetar og kveldsmåltid. Øvingstida er frå 17.30 -19.00.

Etter sommarferien sank talet til 10-15 born på kvar øving, og vi endra øvingsdag til mandag. Det er ein herleg barneflokk full av liv og songglede slik det skal vere. Koret song i kyrkja under ei gudsteneste i haust, og på ein basar på Fauskanger bedehus. I adventstida hadde vi grautfest og utlodning der både born og foreldre/andre som var med, koste seg masse.

Misjonsprosjektet:

Herdla sokneråd har i mange år hatt som spesielt misjonsprosjekt å støtte Leif Heggernes sitt arbeid med vanskelegstilte born i Senegal.

Han har på eige initiativ, og utan registrert misjonsorganisasjon bak, teke til seg born frå slummen i Senegal, og gitt dei ein heim å vekse opp i.

Heimen er tufta på bibelsk grunn og kristen nestekjærleik.

Herdla kyrkjelyd har gitt kr.1500 til arbeidet i Senegal kvar månad. No er det vedteke at det blir sendt kr.2000 til dette arbeidet kvar månad, summen er auka med kr.500.

Arbeidet framover:

Det må vere eit mål at fleire søker til Guds hus. Vi må arbeide for at familiar med born kjem til kyrkja, og kjenner seg heime her. Det er viktig at alle som kjem til Herdla kyrkje blir sett og inkludert i fellesskapet.

Difor vil vi:

- Fortsette med barnekoret og babysong (om det er nok påmelde) Dersom det er få i Herdla som vil vere med, får dei tilbud om å vere med på babysong i Tveit kyrkje.
- Få til gudstenesteteam.
- Prøve å starte opp bibelgrupper.
- Halde fram med formiddagstreff.
- Halde fram med å arrangere fleire salmekvelder.
- Halde fram med misjonsprosjektet.
- Soknerådet har arbeid med å prøve å få byggje eit nytt kyrkjelydshus på same tomten som det noverande huset, som er til nedfalls. I november fekk vi melding om at det gamle skulehuset på Skansen skulle seljast, og styret for bygdehuset ville gjere opp og dele pengane ut til formål som skulle tena folket i bygdene rundt.
- Styret kunngjorde at soknerådet kunne søke om midlar frå oppgjer av huset til oppussing av kyrkjelydshuset, og eit flyttbart lydanlegg. Søknaden vart sendt, og slik var stoda ved slutten av 2015.
- Sjå eige vedlegg.

Årsmelding 2015, Herdla kyrkjelyd, diakonen.

Askøy har 100% diakonstilling betalt av fellesrådet.

Diakonien er heilt avhengig av frivillige medarbeidarar. I Herdla har vi ikkje hatt ein som er med i diakoniutvalg på Askøy dette året, og det er eit sagn.

Soknediakonen sitt arbeid på Askøy vil alltid vere ei blanding av enkelttenester i dei 5 kyrkjelydane, og tiltak som dekkjer alle kyrkjelydane på Askøy. Av tenester som Herdla kyrkjelyd vert tjent med, kan nemnast følgjande:

Sjå eige vedlegg.

Årsmelding 2015 Herdla, kyrkjelydspedagogen

Trusopplæring

Vi held fram med å senda ut gåver og minner om dåpsdagen dei tre første åra til alle døypte som bur i kyrkjelyden, også born som er døypte andre stader, så sant vi finn dei i kyrkja sitt medlemsregister. Dei får eit bilete med ei bøn til eittårsdagen. Etter to år får dei ei underlagsbrikke og etter tre år ein CD. Vidare får alle tilbod om 4-års bok og 6-års bok.

Alle som er døypte i Herdla kyrkje får invitasjon til 1-års dåpsdag til kyrkje. Då blir barnet nemnd ved navn under gudstenesta, og bedt for under forbøna.

Vi hadde utdeling av 6-års-bok og utdeling av "Mi kyrkjebok" til fireåringar på "Lys vaken"-gudstenesta andre søndag i advent.

Det er flott at kyrkjelyden har dåpsvertar, som er med og gjer familiane som kjem for å døypa borna sine, eit godt møte med kyrkja.

Kyrkjelyden har eit tilbod til dåpsfolket om å kjøpe dåpsklut , laga av ei dame frå Madagaskar. Inntekta av desse klutane går til livsopphald til familien hennar. Dåpskluten kostar kr.50. Dette er heilt frivillig for familiare, men dei fleste vel å bruke denne dåpskluten. I løpet av hausten let vi alle dåpsfamiliar få desse dåpsklutane utan å måtte betale for dei.

I 2015 var det ikkje nok påmelde til at kyrkjelyden kunne starte med dåpsskule, skuleklubb.

I trusopplæringa er det viktig at borna kan ta del i arbeid som går føre seg gjennom heile skuleåret. Det er trufaste leiarar som gjer ein stor innsats i yngresarbeid, utan at dette er knytt opp til soknerådet. Mange born får her oppleva eit kristent fellesskap. Dette er vi takksame for.

Av arbeidet som er retta mot born og ungdom, let ikkje alt seg dela i lokale einingar. Noko finn til dømes stad berre i Erdal kyrkje, av di ho ligg sentralt og har velegna lokalar. Likevel inviterer ein frå heile Askøy. Både babysang- speidar- og tensing-arbeidet, leiarkurs for fjorårskonfirmantar m.m. må difor sjåast som ein del av alle kyrkjelydane sitt arbeid, som alle har ansvar for å oppmuntra til og å støtta.

Rune Øystese er framleis vår representant i trusopplæringsutvalget.

Sjå eige vedlegg

**”Saman vil vi ære Den treeinige Gud –
ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.”**

For Herdla sokneråd

Kjellaug Fauskanger Eidsaa - leiar

Karen Strømestø - tidlegare leiar